

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik Senterforening - Søknad om støtte til leikeapparat - Knarvik Senterforening

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til leikeapparat - Knarvik Senterforening* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 081/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til leikeapparat - Knarvik Senterforening* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Knarvik Senterforening er ei forening. Bransje: 94.110 Næringslivs- og arbeidsgiverorganisasjoner. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Knarvik Senter søker om støtte til innkjøp av Rodeco PopUp leikeområde for born. Grunna strenge koronatiltak har mange av aktivitetane for barn vorte avlyst det siste året. Det nye leikeområdet er lettare å reingjere, og kan difor vere ope også ved strenge smitteverntiltak. Designet er innovativt, fleksibelt og utviklande for barn. Leikeområdet er eit etterlengta tilbod for barn i senteret.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det blir søkt om prosjektmidlar til dette leikeområdet for å skape trivsel for kundar, gode ringverknader for besøkstal, omsetning og vekst for butikkane.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til leikeapparat – Knarvik Senterforening	297 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til leikeapparat får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Knarvik Senterforening_Leikeapparat_soknad-2021-0040_vedlegg_30 apr 2021	1574562
------------	---	---------